

REGJERINGSADVOKATEN

Saksnummer:
24-014403SIV-HRET

Oslo, 26.08.2024
2022-0888

Sluttinnlegg til Noregs Høgsterett

Ankende part: Staten v/Kunnskapsdepartementet
Postboks 8119 Dep
0032 Oslo

Prosessfullmektig: Regjeringsadvokaten
v/advokat Erlend Baldersheim
Postboks 8012 Dep
0030 OSLO

Ankemotpart:
[REDACTED]
[REDACTED]
[REDACTED]

Prosessfullmektig: Advokat Magnus Stray Vyrje
Advokatfirmaet Stray Vyrje & Co DA
Postboks 520 Skøyen
0214 Oslo

1 PÅSTAND

Vedtaket frå Felles klagenemnd 14. september 2022 (sak 143/2022) vert stadfesta, men slik at utestengingsperioden vert fastsett til eitt semester.

2 TVISTEGJENSTAD OG PRØVINGSKOMPETANSE

Saka gjeld fusk i høgare utdanning.

Ankemotparten leverte delar av eit tidlegare eksamenssvar som eit nytt eksamenssvar, og underslo dette for lesaren («skjult gjenbruk»). Handlinga var definert som fusk i høgskulen si eksamensforskrift, som igjen hadde heimel i universitets- og høgskulelova 2005.

Tvistegjenstanden er eit vedtak frå Felles klagenemnd 14. september 2022 (sak 143/2022).

I vedtaket er ankemotpartens eksamen i emnet 2END16H2 *Engelsk fagdidaktikk II* ved Høgskulen i Innlandet (HINN) annullert. Det er i tillegg fastsett utestenging i to semester som følgje.

Heimelen for vedtaket er universitets- og høgskulelova (uhl.) 2005 [§§ 4-7](#) og [4-8](#), jf. [eksamensforskrifta til HINN § 8-1](#), jf. også [forskrifta § 6-1 \(4\)](#).

Vedtaket er ikkje angripe så langt det gjeld spørsmålet om å annullera ankemotpartens eksamen. Tvisten gjeld berre spørsmålet om utestenging.

I spørsmålet om utestenging følgjer det av [uhl. 2005 § 4-11 \(3\)](#) at retten kan prøva alle sider av vedtaket.

Saka skal avgjerast etter uhl. 2005. Lova er sidan 1. august 2024 oppheva, og det er gjeve ei ny [lov 8. mars 2024 nr. 9 om universitetet og høyskoler](#). På eit vesentleg punkt representerer den nye lova ei *endring* av rettstilstanden, jf. nedanfor i punkt 8.

3 DET UNDERLIGGJANDE FAKTUM

Følgjande faktum verkar uomstridt mellom partane, og kan leggjast til grunn:

Studieåret 2020-2021 var ankemotparten student ved Høgskulen i Innlandet. Ho tok då mellom anna emnet 2END16H2 *Engelsk fagdidaktikk II*, som er eit emne på masternivå. Ho hadde ikkje tidlegare vore student i Noreg.

Ankemotparten avla heimeeksamen i emnet våren 2021. Det var ein heimeeksamen som gjekk over fire arbeidsdagar (tysdag kl. 09 til fredag kl. 15). Etter sensur oppnådde ankemotparten karakteren «F» (ikkje bestått). Dårleg kjeldebruk var påpeika.

Hausten 2021 tok ankemotparten eksamen i det same emnet på ny. Også det var ein heimeeksamen over fire arbeidsdagar.

Ved eksamen hausten 2021 klipte og limte ankemotparten to avsnitt frå sitt tidlegare eksamensvar inn i det nye eksamensvaret. Ikkje på nokon måte – med sitatteikn eller referanse i teksten – oppgav ho sin tidlegare eksamen som kjelde. Lesaren vart halde i mørke om at desse delane av teksten var skrive og levert inn før.

Dei to avsnitta utgjorde til saman ca. 11 % av den nye eksamenen, ca. $\frac{3}{4}$ side. I det ytre framstod avsnitta som om dei var skrive ved *denne eksamenen*, men dei var, med uvesentlege endringar, berre klipp og lim frå ein tidlegare eksamen.

4 DEI RELEVANTE RETTSREGLANE

4.1 Universitets- og høgskuleova 2005

Universitets- og høgskuleova 2005 gjev heimel til annullasjon av avgjort eksamen (§ 4-7) og utestenging frå studiet (§ 4-8) ved tilfelle av *fusk* i høgare utdanning.

Uttrykket «*fusk*», så langt det gjeld fusk ved eksamen, viser etter ei naturleg språkleg lesing til *handlingar som er i strid med reglane for eksamen*. Utover dette gjev ikkje lova sjølv ein nærmare definisjon eller spesifikasjon av kva handlingar som skal reknast som «*fusk*».

I staden legg lova opp til at den einskilde institusjonen definerer – og skal definera – dette gjennom reglar som vert fastsett i/gitt som forskrift, jf. heimelen i uhl. 2005 [§ 3-9 \(7\)](#). Sjå til dette eit relevant forarbeid, [Ot.prp. nr. 40 \(2001-2002\) s. 54](#), kor det er sagt:

«[D]et er å anse som *fusk* når en student ... handler i strid med eksamsreglementet.»

Den nemnde regelforståinga vart gjennomgått i [Rt. 2015 s. 995](#). Der slutta Høgsterett seg til at det er «tilstrekkelig til å konstatere fusk at kandidaten har overtrådt de handlingspliktene som følger av reglene» (avsn. 36). Med uttrykket «*reglene*» sikta Høgsterett til eksamsreglementet.

Ei rekje avgjerder frå dei lågare instansane har følgt opp denne rettsforståinga. Sjå til dømes [LB-2021-90606](#):

Loven overlater dermed til lærestedet å gi bestemmer om eksamen og kildebruk, og dermed om hva som kan utgjøre fusk. Dette er ikke i strid med legalitetsprinsippet..

Ved dette gjev altså uhl. 2005 den einskilde institusjonen ein betydeleg grad av autonomi. Institusjonen har rett til å fastsetja nærmare reglar om eksamen, herunder kompetanse til å definera kva regelbrot som er å rekna som *fusk*.

Institusjonen sine reglar vert fastsett med utgangspunkt i studiefaglege vurderingar gjort gjennom institusjonen sine demokratiske prosessar. For Høgskolen i Innlandet er regelverket for eksamen formulert og kommunisert som del av [forskrift 26. januar 2017 nr. 98](#).

4.2 Regelverket ved HINN – eksamensforskrifta

Eksamensforskrifta ved HINN [§ 6-1](#) har overskrifta «[g]enerelt om eksamen». Det heiter i fjerde avsnitt:

Eksamensbesvarelser skal alltid være originale, selvstendige og individuelle arbeider, med mindre det tydelig fremgår av oppgaven at hovedregelen kan fravikes. Besvarelsen, eller deler av denne, skal ikke tidligere ha vært innlevert som eksamen på egen eller andre institusjoner.

Eksamensforskrifta [§ 8-1](#) har overskrifta «[f]usk». Det heiter i første avsnitt:

Fusk foreligger når en student handler i strid med denne forskrift eller retningslinjer for eksamen og eksamensavvikling.

Som fusk eller forsøk på fusk ved eksamen regnes bl.a.: ...

- å sitere eller på annen måte benytte egne tidligere eksamensarbeider uten tilstrekkelige kildehenvisninger.

Det heiter vidare i eksamensforskrifta [§ 8-1](#) femte avsnitt:

Referanser på alle anvendte kilder, inkludert eget arbeid, skal være oppgitt. Avskrift eller kopi uten kildehenvisning regnes som fusk, uavhengig av kilden.

Det heiter endeleg i eksamensforskrifa [§ 8-2](#) at dei handlingane som i forskriften § 8-1 er definerte som fusk, kan møtast med annullasjon og utestenging, jf. uhl. 2005 §§ 4-7 og 4-8.

4.3 Regelverket ved HINN – som kommunisert på andre måtar

Regelverket ved HINN er ikkje berre formulert og kommunisert i eksamensforskrifta. Det er også formidla på særlege nettsider og gjennom undervisning. Der går det fram, at det vil bli rekna som fusk dersom ein student klipper og limer frå tidlegare eksamensvar utan å oppgi kjelde. Ankemotparten har ikkje påstått at ho var ukjent med regelverket.

5 SUBSUMSJONEN PÅ RETTSVILKÅRSSIDA

5.1 Det føreligg «fusk»

Ankemotparten har ikkje bestridt at ho klippte og limte to større tekstavsnitt frå den tidlegare eksamen. Til saman utgjorde avsnitta ca. 11 % av den nye eksamen.

Innhaldet i dei opphavlege avsnitta var hennar bearbeiding, samanstilling og framstilling av teoretiske posisjonar slik dei var presenterte i/gjennom pensumlitteraturen.

Staten meiner at det ikkje er grunnlag for å krevja at den første teksten, som ein klipper og limer frå, skal ha nokon bestemt «kvalitet» eller grad av «originalitet» for å bli ramma av forbodet mot skjult gjenbruk. Studenten er forventa:

- 1) å visa og formidla sin kunnskap på eksamenstidspunktet gjennom tekst studenten formulerer på eksamenstidspunktet, og
- 2) så langt ein vil nøya seg med «klipp og lim» frå eigen tidlegare eksamen, synleggjera det for sensor, slik at den faglege vurderinga kan ta omsyn til det.

Kort sagt: Dersom studenten klipper og limer substansielle delar av tekst som ein sjølv har skrive og levert som eksamen før, og undersår det, så er eksamensforskrifta § 8-1 brote.

5.2 Ein rettsstridsreservasjon slår ikkje inn

Høgsterett fann i Rt. 2015 s. 995 at institusjonen sin fridom til å definera handlingar i eksamensreglementet som *fusk*, må lesast med ein *rettsstridsreservasjon*. Det heiter i dommen avsn. 40:

En rettsstridsreservasjon må likevel innfortolkes slik at handlinger som åpenbart ikke er egnert til å gi kandidaten noen fordel ved eksamen ... faller utenfor.

Rettsstridsreservasjoner er snevert formulert. Ei handling som *openlyst* ikkje er eigna til å gje kandidaten *nokon fordel* kan ikkje normerast som fusk, og eventuelle gitte reglar må tolkast presiserande eller innskrenkande for å halda slike handlingar utanfor.

Staten meiner at rettsstridsreservasjoner ikkje er aktuell i vår sak. Ved å klippa 11 % av oppgåva frå ein tidlegare innlevert eksamen, men utan henvisning, skapte ankemotparten inntrykk av å ha skrive den nye teksten innanfor den begrensa tida som var til rådvelde.

Ankemotparten underslo at ho frå før hadde ei «fiks ferdig» eksamensoppgåve å støtta seg på, og som ho begrensa seg til å gjenbruka substansielle delar av. Dette var *openlyst* ikkje ueigna til å gje henne ein fordel samanlikna med dei andre eksamenskandidatane.

5.3 Merknader til lagmannsrettens dom

Lagmannsretten har for sin del funne at det må gjerast ei «samlet vurdering» av om skjult gjenbruk er fusk etter eksamensforskrifta § 8-1.

Staten har vanskeleg for å sjå 1) kva som er rettskjeldegrunnlaget for ei slik tilnærming, 2) kva som skulle vera relevante moment i ei slik vurdering, 3) kva vekt momenta skulle ha, og 4) korleis vurderinga skulle vera mogleg å applisera på ein uniform, forutberekneleg, rettsteknisk akseptabel og rettferdig måte studentar imellom.

Staten meiner at ein må sjå vekk frå lagmannsretten si tilnærming. Den står utan dekning i rettskjelder – og er etter sitt eige innhald vanskeleg å forstå og ikkje mogleg å applisera.

6 SANKSJONEN. LENGDA PÅ UTESTENGING

Felles klagenemnd fastsette utestenging i to semester. Det same gjorde tingretten. Etter ei konkret, samla vurdering meiner staten likevel at det vil vera *tilstrekkeleg* at ankemotparten vert utestengt i eitt semester. Det er reflektert i påstandsutforminga for Høgsterett. Det er

særleg lagt vekt på karakteren av regelbrotet og at ankemotparten hadde lite erfaring som student i Noreg.

7 MERKNADER TIL ANKEMOTPARTENS ARGUMENT I ANKETILSVARET

7.1 Statens forståing av ankemotpartens argument

Slik staten forstår det, meiner ankemotparten at HINN, gjennom ei formulering i den konkrete eksamensoppgåva hausten 2021, gjorde eit *unntak* frå eksamensforskrifta § 8-1.

Konkret har ankemotparten gjort gjeldande eit argument i tre delar:

- 1) at eksamensoppgåva bad henne om å følgja ein bestemt stil for uniformering av kjelder og referansar («APA-stilen»), og
- 2) at den nemnde APA-stilen gav henne, på nærmere, gitte vilkår, løyve til å bruka tekst frå eigen tidlegare eksamen utan å oppgje kjelde, og
- 3) at ankemotpartens oppgåve var i samsvar med desse nærmere, gitte vilkåra.

Staten stiller seg avvisande til kvart av dei tre del-argumenta her.

7.2 Statens innvendingar til ankemotpartens argumentet

7.2.1 Ad argumentet del 1)

Det stod ikkje i eksamensoppgåva hausten 2021 om at eksamensforskrifta § 8-1 ikkje skulle gjelda. Det som stod, var berre at kjelder og referansar burde uniformerast og framstillast som angitt i den såkalla «APA-stilen».

I eksamensoppgåva var det vidare, på dette punktet, vist til ei av HINNs nettsider. På nettsida stod det «Unngå plagiering». Nettsida spesifiserte at døme på eksamensfusk ville vera å «levere [...] inn (deler) av dine egne tidligere innleverte tekster».

På nettsida var det også vist til ei rettleiing til APA-stilen, kalla «Kildekompasset». I den rettleiingen stod det mellom anna følgjande om «selvsitering»:

Selvsitering er når du siterer deg selv ved å bruke dine egne tekster om igjen i oppgaver, artikler eller andre tekster. Da er det viktig å sette inn en referanse, ellers vil gjenbruken av tekst bli behandlet som plagiering (understreka her).

Endeleg signerte ankemotparten eit eigenerklæringskjema. Der gjekk det fram at ho måtte sjå til at oppgåva ikkje tidlegare hadde vore innlevert som eksamen, og det var vist til eksamensforskrifta § 8-1.

7.2.2 Ad argumentet del 2)

Det finst ingen ting i APA-stilen som gjev ein student løyve til, overfor sin eigen institusjon, å underslå at delar av eit eksamensvar er innlevert til tidlegare.

Det er tvert om presisert i APA-stilen at den – etter sitt eige innhald – står tilbake for institusjonen sine reglar om eksamen, og føresetnadsvis: det er institusjonen sjølv om bestemmer her. Det har då også HINN gjort gjennom eksamensforskrifta § 8-1.

7.2.3 Ad argumentet del 3)

Det står ingen ting i *APA-guiden for studentar* om at gjenbruk av eigen tekst er tillatt på nærmere, gitte vilkår. Ankemotpartens argument er altså heilt utan dekning i *APA-guiden for studentar*. Denne guiden var lagmannsretten ukjent med.

Ankemotpartens gjenbruk var heller ikkje i samsvar med retningslinja formulert i den meir generelle *APA-manualen*. Skjult gjenbruk kan ifølgje manualen berre aksepterast kor «self-referencing is undesirable or awkward and [... when] rewording may lead to inaccuracies». I tillegg må slik gjenbruk vera «limited in scope».

8 KORT OM RETTSTILSTANDEN I NY LOV – FRÅ 1. AUGUST 2024

Uhl. 2005 er oppheva, og frå 1. august 2024 erstatta av [lov 8. mars 2024 nr. 9 om universiteteter og høyskoler](#) (uhl. 2024). I den nye lova er rettstilstanden noko endra.

I forarbeida til 2024-lova har lovgjevaren på eitt område *begrensa* kva handlingar den einskilde institusjonen står fritt til å definera som fusk. Det heiter i [Prop. 126 L \(2022–2023\) s. 246, 1. sp.](#) (varsamt samantrekt):

Departementet mener at det framover bør være en noe mer nyansert tilnærming til gjenbruk av eget arbeid enn det som følger av gjeldende rett og praksis.

Departementet er i utgangspunktet enig i at en besvarelse hvor det avdekkes gjenbruk av eget tidligere arbeid uten tilstrekkelig kildehenvisning objektivt sett kan anses som fusk.

Dersom studenten bygger på eget arbeid som tidligere er innlevert til vurdering, bør en etter departementets mening skille mellom arbeid som har gitt uttelling i form av oppnådde studiepoeng, og arbeid som ikke tidligere har gitt uttelling.

I eit brev frå departementet til Stortinget 20. desember 2023 vert forslaget kommentert slik, jf. [Innst. 169 L \(2022–2023\) vedlegg 1, s. 7, første fulle avsnitt](#):

Dersom Stortinget gir sin tilslutning til disse føringene, vil de utgjøre begrensninger for hva institusjonene kan ha regler om i sine eksamsreglement framover når det gjelder gjenbruk av eget arbeid.

Dette fekk tilslutning av stortingskomitéen, jf. [Innst. 169 L \(2022–2023\) s. 16, 1. sp.](#):

Komiteen har merket seg at departementet foreslår at institusjonene fremover normalt ikke skal kunne ha regler om at gjenbruk av eget arbeid som ikke tidligere har gitt uttelling, skal anses som fusk.

Ein ser at 2024-lova endrar rettstilstanden samanlikna med 2005-lova så langt det gjeld typetilfellet i vår sak. At den nye lova er lagt opp annleis, kan likevel ikkje leia til at vedtaket frå Felles klagenemnd vert ugyldiggjort.

9 SAKSKOSTNADER

Staten vil ikkje krevja sakkostnader.

Staten dekkar ankemotpartens sakkostnader direkte og etter nærmare avtale, og det skal ikkje fastsetjast noko om sakkostnader i domsslutninga.

10 TIDSPLAN

Det er lagt ved eit utkast til tidsplan. Utkastet er omforeint mellom partane.

• • •

Oslo, 26.08.2024

REGJERINGSADVOKATEN

Erlend Baldersheim
advokat